



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singsaas

Telefon ktr.: 22 34 40 06

Telefon priv. : 22 28 68 80

Informasjonssjef Øivind Østang

Telefon ktr.: 22 34 40 37

Telefon priv. : 22 22 28 01

Postboks 8001 Dep., 0030 OSLO

Telefaks: 22 34 95 00

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 18. mars 1994

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Laurdag 19. og søndag 20. mars er statsministeren i Rogaland, for å opne oljeselskapet Elf sitt Akvamiljø-senter i Mekjarvik, og vere med på årsmøtet i Rogaland Arbeidarparti, i Stavanger. Pressekontakt er statssekretær Øystein Singsaas. Følgjet bur på Atlantic Hotell i Stavanger.

Opninga av Elf Akvamiljø finn stad i Mekjarvik laurdag kl. 10.30. Kl. 12.15 er statsministeren gjest ved ein lunsj i Elf sine lokaler i Dusavik. For detaljar om programmet, viser vi til Elf Petroleum Norge A/S.

Statsministeren kjem til årsmøtet i Rogaland Arbeidarparti, i Atlantic Hall i Stavanger, laurdag kl. 14.00. Kl. 16.00 held ho tale om den politiske situasjonen. For detaljar i programmet, viser vi til Rogaland Arbeidarparti.

Årsmøtet i Rogaland Arbeidarparti held fram søndag kl. 09.00, med avslutning kl. 15.00. Statsministeren er attende i Oslo søndag kveld.

Mandag 21. mars kl. 10.30 leiar statsministeren eit møte i Regjeringa sitt kontaktual for Europa-saker, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere når møtet tek til.

Torsdag 24. mars kl. 18.00 tek statsministeren imot overborgarmeisteren i Aachen i Tyskland, Jürgen Linden, i høve at ho er tildelt Karlsprisen for 1994. Det er høve til å fotografere. Prisen er gjeven for Brundtland sin innsats for samarbeidet i Europa, og vert overrekt i Aachen på Helgetorsdag - 12. mai.